

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 18. februar 2021 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 30, § 34, i lov 11. april 2003 nr. 23 om endringer i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) og i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

KAP. 1 - GENERELLE BESTEMMINGAR

Abonnentane i kommunen betaler for renovasjonstjenester som kommunen tilbyr.

Forholdet mellom abonnementen og kommunen er regulert av lover og forskrifter, og dessutan av kommunale forskrifter og bestemmingar. Dette er dei viktigaste dokumenta:

- Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Renovasjonsforskrift 18. februar 2021 i Øygarden kommune (dette dokumentet)
- Gebyrregulativ for det aktuelle året
- Forskrift 11. desember 2019 om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (sjølvkostforskrifta)
- Rettleiarene Beregning av kommunale avfallsgebyr (M-258)
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar til sjølvkostreglane
- Renovasjonsteknisk norm

§ 1-1 Føremål

Forskrifta har som føremål å sikre miljømessig, samfunnsøkonomisk og helsemessig forsvarleg handtering av hushaldsavfall i Øygarden kommune.

Bestemmingane i forskrifta skal nyttast slik at ein i størst mogeleg grad kan realisere nasjonale og kommunale mål og planar for avfallsområdet.

§ 1-2 Verkeområde

Forskrifta inneheld bestemmingar om den kommunale hente- og bringeordninga for hushaldsavfall.

Forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedommar i Øygarden kommune der det kan oppstå hushaldsavfall, noko som omfattar alle bustader, kvar enkelt seksjonert del av ei bygning og kvar enkelt bueining i ei bygning. Forskrifta omfattar også fritidsbustader og fast plasserte mobile einingar som blir brukte som hytte eller bustad.

Forskrifta fastset bestemmingar om kjeldesortering, innsamling, oppsamling og transport av hushaldsavfall frå bueiningar og fritidsbustader. I tillegg omfattar forskriftena oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå hushald.

Forskrifta gjeld også avfallsgebyr etter forureiningslova § 34 og inneheld bestemmingar om gebyrfastsetjing.

Næringslivet skal etter forureiningslova § 32 syte for at avfall blir gjenvunne eller handtert på lovleg måte. Næringslivet og næringsavfall er ikke omfatta av denne forskrifa.

§ 1-3 Delegeret myndigheit

Kommunestyret kan delegerere myndigkeit som er lagt til kommunen etter forureiningslova kapittel 5 om handsaming av hushaldsavfall med vidare, til eit anna rettssubjekt, så langt det er høve til det.

Delegering etter første ledd kan omfatte myndigkeit til å gjere enkeltvedtak som gjeld den kommunale renovasjonsordninga, jf. forureiningslova § 83 andre ledd.

§ 1-4 Definisjonar

I denne forskrifta meiner vi følgjande:

- a) *Abonnent*: Tinglyst eigar eller langsiktig festar av grunneigedom med bygg eller bueining som er omfatta av den kommunale renovasjonsordninga.
- b) *Abonnement*: Avtale mellom abonnent og kommunen om hente- eller bringeordning for avfall. Det er ikkje føresetnad at avtalen er skriftleg.
- c) *Avfall*: Kassert(e) lausøyregjenstandar eller stoff. Avfall blir vidare delt inn i kategoriane hushaldsavfall, næringsavfall og farleg avfall.
- d) *Avfallsfraksjon*: Ulike typar avfall som kommunen har bestemt at abonnentane må sortere og levere separat.
- e) *Bueining*: Sjølvstendig bueining som er lagd til rette for varig opphold, med tilgang til kjøkken eller anna innretning for matstell. Bueininga er omfatta av forskrifta dersom ho er permanent oppsett som bustad eller har fungert som bueining i tre månader eller meir, dersom ho hovudsakleg blir brukt til matstell og kvile, og dersom buføremålet er det sentrale. Hybel med tilgang til kjøkken skal rekna som bueining. Ei fast plassert mobil eining som i praksis blir brukt som bustad eller til bustadføremål, blir også rekna som bueining. Ein bustad kan innehalde fleire bueiningar.
- f) *Bustadsabonnement*: Abonnement og gebyrplikt for alle einingar som etter forskrifta blir rekna som bustader eller bueiningar.
- g) *Bringeordning*: Innsamlingsordning der abonnenten sjølv bringar kjeldesortert hushaldsavfall til eigna mottak fastsett av kommunen.
- h) *Eigedom*: Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon som er etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, skal rekna som sjølvstendig eigedom.

Renovasjon

ØYGARDEN KOMMUNE, VESTLAND



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 3

- i) *Farleg avfall:* Avfall som det ikkje er føremålstenleg å handtere saman med hushaldsavfall, fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr, jf. avfallsforskrifta kapittel 11.
- j) *Fast plassert mobil eining:* Campingvogn, bobil, husbåt o.l. som er plassert eller oppstilt på same oppstillingsområde i tre månader eller meir, på eller ved ein eigedom i kommunen. Sjå bokstav w) om campingvogn.
- k) *Fritidsbustad/-bygg:* Eigedom som i matrikkelen er registrert som fritidsbustad, eller hytte som kan nyttast i samband med ferie og fritid. Ei fast plassert mobil eining eller anna eining som i praksis blir brukt som hytte, blir også rekna som fritidsbustad. Fritidsbustad som i hovudsak blir brukt som bueining, skal etter forskrifta reknast som og ha gebyrplikt som bueining. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- l) *Fritidsabonnement:* Abonnement og gebyrplikt for alle eininger som etter forskrifta blir rekna som fritidsbustader.
- m) *Gebyrregulativ:* Kommunen si gjeldande prisoversikt for avfallsgebyr og abonnements-typar. Satsane i gebyrregulativet blir oppdaterte årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- n) *Gjenbruk:* Avfall som blir bringa til gjenbruksstasjon og omdefinert til bruksgjenstand.
- o) *Gjenbruksstasjon:* Betent mottaksstasjon der abonnenten sjølv er pålagd å sortere avfallet ved levering.
- p) *Henteordning:* Innsamlingsordning der kjeldesortert hushaldsavfall blir henta hos abonnenten eller på godkjende oppsamlingspunkt.
- q) *Hentestad/tømmestad:* Godkjende areal der abonnenten plasserer oppsamlingseiningar i samband med innsamling.
- r) *Hushaldsavfall:* Avfall frå private hushald, inkludert større gjenstandar som inventar og liknande.
- s) *Husstand:* Bygg som blir brukt til bustadføremål, inkludert fritidsbustad og fast plasserte mobile eininger.
- t) *Kundekort:* Eit identifikasjonskort utferda av kommunen som dokumenterer at eigaren er abonnent. Kortet følgjer husstanden og ikkje privatpersonar.
- u) *Næringsavfall:* Avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar, det vil seie avfall frå profesjonelle aktørar som oppstår som følge av verksemda deira. Næringsavfall omfattar også herrelaust avfall.



- v) *Oppsamlingsseining:* Container, avfallsbehaldar, sekk eller liknande. Kommunen bestemmer type behaldar og plassering ut frå det kommunen meiner er naudsynt, forsvarleg, rasjonelt og estetisk akseptabelt.
- w) *Permanent campingvogn:* Campingvogn som er oppstilt på same oppstillingsområde i tre månader eller meir. Campingvogn som er plassert på lagerplass, blir ikkje rekna som permanent oppstilt den tida ho står lagra, dersom det kan dokumenterast at ho ikkje er i bruk. Campingvogn på godkjend campingplass er ikkje omfatta av denne forskrifta (næringsavfall).
- x) *Renovasjonsordninga:* Samlenemning for den kommunale innsamlinga og handsaminga av hushaldsavfallet i kommunen. Ho består av ei henteordning og ei bringeordning.
- y) *Renovatør:* Aktør som på vegner av kommunen og etter avtale med kommunen utfører innsamling og transport av hushaldsavfall.
- z) *Restavfall:* Resterande hushaldsavfall etter utsortering av til kvar tid definerte avfallsfraksjonar.
- æ) *Returpunkt:* Ubetent oppsamlingsseining for enkelte fastsette avfallsfraksjonar.
- ø) *Våtorganisk avfall:* Matavfall, hageavfall og anna biologisk nedbrytbart avfall frå husstandar som eignar seg for kompostering.
- å) *Kombinasjonsbygg:* Bygg med både bueininger (bustader) og brukseiningar (næringsverksem / offentleg verksem).

KAP. 2 - KOMMUNAL RENOVASJONSORDNING

§ 2-1 Generelt

Kommunen har ei lovpålagd plikt til å syte for innsamling av hushaldsavfall etter forureiningslova § 30. Alle grunneigedommar og einingar som fell innanfor § 1-2, er omfatta av den kommunale renovasjonsordninga.

Kommunen skal samle inn hushaldsavfall og dessutan transportere og levere hushaldsavfallet til mottaks-/behandlingsanlegg (henteordning). Kommunen skal også syte for ei føremåltøyleg bringeordning for hushaldsavfall som på grunn av type, storleik eller tyngd normalt ikkje er omfatta av den kommunale henteordninga.

Abonnentane pliktar å kjeldesortere og levere avfallet etter kommunen si tilvising. Dette gjeld både hente- og bringeordninga.

Ingen kan utan samtykke frå kommunen samle inn hushaldsavfall i Øygarden kommune, jf. forureiningslova § 30 tredje ledd.

§ 2-2 ØyVAR AS sine oppgåver og ansvarsområde

ØyVAR AS (heretter «ØyVAR») samlar inn hushaldsavfallet på vegner av Øygarden kommune og skal syte for at den kommunale renovasjonsordninga er innretta i samsvar med denne forskrifta.

ØyVAR skal sikre at innsamlinga av hushaldsavfallet skjer etter fastsette rutinar og i samsvar med bestemmingane i forskrifta og andre kommunale vedtak som gjeld hushaldsrenovasjon.

ØyVAR skal sikre at abonnentar og andre får relevant informasjon om renovasjonsordninga og om korleis oppgåver, ansvar og myndighet som gjeld ordninga, er organisert og fordelt.

ØyVAR kan som tilleggsteneste og til sjølvkost tilby henting av avfall som fell utanfor hente-ordninga.

§ 2-3 Abonnenten si plikt til bruk av renovasjonstenesta

Abonnenten skal bruke kommunen sine tenester for oppsamling, innsamling og levering av hushaldsavfall i samsvar med denne forskrifta.

Abonnenten skal kjeldesortere hushaldsavfallet etter kommunen sine tilvisingar, og slik at mest mogleg kan gjenvinnast. Dette gjeld både hente- og bringeordninga.

Større eininger, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) skal ikkje kastast i oppsamlingseiningar, men skal leverast til gjenvinningsstasjonen.

Det er ikkje lov til å brenne, grave ned eller leggje frå seg hushaldsavfall utanom kommunen sine oppsamlingseiningar.

Abonnenten pliktar å betale for bruk av den kommunale renovasjonstenesta. Dette gjeld avfallsgebyret etter forskrifta kapittel 3, eventuelle tilleggstenester og betalingspliktig levering på gjenvinningsstasjon.

§ 2-4 Henteordning

Innsamlinga av hushaldsavfallet skal gjennomförast slik at det blir minst mogeleg belasting på omgivnadene når det gjeld støy, lukt, støv, miljøutslepp og trafikale forhold. Ein skal ta omsyn til arbeidsmiljøet til renovatørane.

Hushaldsavfallet som er omfatta av henteordninga, skal vere kjeldesortert av abonnenten i samsvar med rettleiing frå kommunen.

Avfallet skal hentast regelmessig etter hentefrekvens som er fastsett av kommunen. Abonnenten pliktar å seie frå til kommunen dersom det blir oppdaga manglar ved henteordninga.

Dersomvêr, vegstenging og liknande forhold gjer det vanskeleg med henting på fastsett tømmedag, skal kommunen opplyse abonnentane om når neste tømming blir utført.

§ 2-5 Bringeordning

Kommunen skal syte for ei brukarvennleg og føremålstenleg bringeordning for kjeldesortert avfall som på grunn av type, storleik og tyngd, eller av andre årsaker, ikkje er omfatta av henteordninga.

Bringeordninga består av gjenbruksstasjon for kjeldesortert avfall, returpunkt og oppsamlingseininger som skal vere utplasserte på eigna stader i kommunen.

På gjenbruksstasjonar skal det vere mottak for gjenstandar til gjenbruk.

Ved levering til kommunal gjenbruksstasjon, returpunkt eller anna oppsamlingseininger pliktar abonnenten å overhalde dei til kvar tid gjeldande vilkåra for levering.

§ 2-6 Plassering av oppsamlingseininger, hentestad, mv.

Abonnenten skal syte for at alle oppsamlingseininger er plasserte slik at dei ikkje medfører hygieniske ulemper eller er til sjenanse for andre, verken ved oppbevaring eller i samband med tømming.

På hentestaden skal abonnenten syte for at oppsamlingseiningerane er plasserte lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag på bakkenivå. Det skal setjast av tilstrekkeleg areal til plassering og handtering av oppsamlingseininger, og tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere hentinga vanskeleg.

På vinterstid skal abonnenten syte for at tilkomsten er rydda for snø og ved behov strødd. Einingane skal plasserast slik at renovatørane er sikra mot forulemping frå husdyr. Einingane skal på tømmedag ikkje plasserast innanfor eit inngjerda område. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseininger utgjer ein skaderisiko, forvollar arbeidsmiljøet til renovatørane eller medfører andre ulemper, kan kommunen krevje ei anna plassering av eininga.

Oppsamlingseiningerane skal på tømmedag vere plasserte nærmast mogleg inntil køyrbar veg. Maksimal henteavstand frå køyrbar veg er 10 meter.

Oppsamlingseiningerane skal setjast fram tidlegast dagen før tømming og hentast seinast dagen etter tømming.

Det er kommunen som endeleg fastset hentestad og samleplass.

§ 2-7 Køybar veg

Som køyrbar veg reknar vi veg som er framkommeleg, og som har breidde og styrke til å tolle eit renovasjonskjøretøy. Langs vegen må det ikkje vere greiner eller anna som hindrar køyring. Vegen må ha ei fri høgde på minst 4,5 meter. Vegen skal ha snuplass og dessutan kurvatur og stigingsforhold til å betene eit renovasjonskjøretøy.

Ved usemje om ein veg er køyrbar, basert på beskrivinga i første ledd, er kommunen sitt syn avgjerande.

§ 2-8 Bruk av oppsamlingseininger

Oppsamlingseininger må berre brukast til oppsamling av avfall som er omfatta av denne forskrifta, og skal ikkje innehalde gjenstandar som kan utsetje renovatøren for fare eller ulempe under handteringa.

Fuktig avfall og skarpe eller knuselege gjenstandar skal vere forsvarleg innpakka før plassering i oppsamlingseininga. Varm oske må avkjølast heilt før ho blir emballert og lagd i oppsamlingseininga. Oske, avfall frå støvsugar og anna avfall som kan gi støvplager, må vere emballert slik at det ikkje oppstår støvplager under innsamling.

I oppsamlingseininga må ein ikkje leggje flytande avfall, større mengder hageavfall, stein, jord, sand, grus, byggje- og rivingsavfall eller større metallgjenstandar. Ein må heller ikkje leggje etsande, eksplosivt eller sjølvtenneleg avfall i oppsamlingseininga. Det same gjeld risikoavfall som sprøytespissar og anna smittefarleg avfall.

Farleg avfall skal oppbevarast, pakkast og leverast etter kommunen si tilvising.

Oppsamlingseininga skal ikkje pakkast fastare enn at ho lett kan tømmast. Lokket på oppsamlingseininga skal til kvar tid kunne lukkast heilt igjen. På vinterstid er abonnenten ansvarleg for at avfall ikkje er frose fast, og dermed ikkje lèt seg tømme.

Alle oppsamlingseininger hører til kommunen, som også har ansvaret for anskaffing og utsetjing. Kommunen avgjer når ei eining må reparerast eller fornyast, og set i verk reparasjoner og fornyingar etter behov.

Abonnenten er ansvarleg for naudsint reinhald av eigne oppsamlingseininger eller alternativ avfallslysing, og for nødvendig reinhald, rydding og vedlikehald på eigen hentested.

Abonnenten svarer sjølv for skade eller slitasje på oppsamlingseininga som ikkje er forårsaka av normal bruk.

Dersom abonnenten unnlèt å rette seg etter pålegg om reinhald, rydding og fjerning av forsøpling, kan kommunen krevje at abonnenten dekkjer rimelege utgifter til dette føremålet, jf. § 4-4.

§ 2-9 Kompostering

Abonnentar som ønskjer det og har eige hageareal som er eigna for kompostering, kan inngå avtale med kommunen om heimekompostering av våtorganisk avfall. Komposteringa må skje i ein behaldar som er godkjend.

Det er ein føresetnad at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredsstillande måte som ikkje tiltrekker seg skadedyr, gir sigevatn eller vond lukt eller verkar sjenerande for omgivnadene.

Det er ikkje høve til å nytte matkvern som er tilknytt kommunen sitt avløpssystem eller kommunalt tømde slamavskiljarar/septiktankar.

KAP. 3 - AVFALLSGEBYR

§ 3-1 Avfallsgebyret

Kommunen fastset årleg avfallsgebyr i samsvar med forureiningslova § 34. Satsar og abonnementstypar blir fastsette av kommunestyret i eige gebyrregulativ.

Samla skal avfallsgebyra dekkje dei totale kostnadene kommunen har ved å levere renovasjostenestene (sjølvkost), jf. forureiningslova § 34.

§ 3-2 Gebyrplikt

Abonnentar etter denne forskrifta skal betale renovasjonsgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Det skal teiknast eit abonnement for kvar bueining som fell inn under § 1-2, jf. også § 1-4 (bustadsabonnement). Det same gjeld for kvar eining som blir brukt som fritidsbustad (fritidsabonnement).

Gebyrplikta for bueiningar og fritidsbustader gjeld frå den første månaden etter at eininga blir teken i bruk, eller når bygningsmyndighetene gir mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Ved endring av abonnement for eksisterande bueining eller fritidsbustad gjeld det nye gebyret frå den første månaden etter at abonnementet blei endra.

Dersom feil i fakturagrunnlaget har ført til at abonnenten har betalt for mykje eller for lite gebyr, kan differansen bli avrekna etter reglane i lov om foreldelse av fordringer (foreldingslova).

§ 3-3 Gebyrdifferensiering

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan kommunen fastsetje differensierte gebrysatsar i eige regulativ.

§ 3-4 Innkrevjing av gebyr

Avfallsgebyr med påkomne renter og kostnader er sikra med lovpant i eigedommen (legal-pant) etter lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant § 6-1. Kommunen kan krevje inn gebyra etter reglane for innkrevjing av skatt.

KAP. 4 - AVSLUTTANDE BESTEMMINGAR

§ 4-1 Fritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad eller på eige initiativ gi abonnenten heilt eller delvis fritak frå renovasjonsordninga og gebyrplikta, eller frå enkelte bestemmingar i denne forskrifta. Fritaket må vere i samsvar med føremålet med forskrifta.

Søknad om fritak må sendast til kommunen på førehand og skal innehalde korrekte opplysningar om eigar, adresse og gardsnummer eller bruksnummer, og grunngiving for søknaden.

Abonnentar som kan dokumentere at det ikkje bur nokon i ein bustad eller bueining i meir enn 6 månader samanhengande, kan etter søknad få fritak for den aktuelle perioden. Fråflyttinga blir gjeldande frå månaden etter godkjenninga. Kommunen bestemmer storleiken og varigheita på fritaket innanfor den fastsette grensa etter andre ledd.

Fritidseigedommar kan ikkje vere mellombels fråflytta.

Ved ukjende eller uavklarte eigarforhold, dødsfall utan kjende arvingar o.l. kan kommunen som eit eingongstiltak utsetje innkrevjing av heile eller delar av gebyret i inntil to kvartal.

Ein kan ikkje gi fritak frå eller reduksjon av gebyr etter denne bestemminga basert på sosiale kriterium. Dersom ein abonnent har fleire eigedommar (bustad og fritidsbustad) i kommunen, gir ikkje dette grunnlag for reduksjon av gebyr. Lite bruk av eigedommen gir ikkje grunnlag for fritak frå eller reduksjon av gebyr.

Abonnenten pliktar å informere kommunen dersom grunnlaget for tildelt fritak blir endra. I samband med fritak ved mellombels fråflytting pliktar abonnenten å melde frå så snart bueininga/eigedommen blir teken i bruk på nytt.

Dersom abonnenten ikkje melder frå om endringar etter førre ledd, kan kommunen krevje gebyr for den perioden som bueininga/eigedommen urettmessig hadde mellombels fritak. Kommunen har i denne samanhengen også høve til å hente og utlevere oppsamlings- einingane og krevje gebyr for dette.

Kommunen kan setje nærmare vilkår for fritaket. Vilkåret må i så fall vere innanfor føremålet med denne forskrifta.

§ 4-2 Informasjons- og opplysningsplikt

Kommunen pliktar å informere abonnentane om den kommunale renovasjonsordninga.

Abonnenten pliktar å opplyse kommunen om alle tilhøve og endringar som kan verke inn på eige abonnement, til dømes kor mange bustader, bueiningar og fritidsbustader som er omfatta av tenesta.

§ 4-3 Klage og omgjering

Enkeltvedtak som kommunen har gjort i medhald av denne forskrifta, kan påklagast til ei særskild klagenemnd, jf. forvaltningslova § 28.

Kommunen kan etter søknad eller på eige initiativ heilt eller delvis gjere om vedtak om påkomne gebyr dersom særlege grunnar tilseier det, det vil seie tilfelle der det vil vere sterkt urimeleg å gjere eit gebyrkrav gjeldande på bakgrunn av dei konkrete omstenda i ei sak.

§ 4-4 Sanksjoner

Ved brot på bestemmingar i denne forskrifta eller vedtak som er gjorde i medhald av forskrifta, kan kommunen setje i verk nødvendige tiltak, mellom anna gjennomføre ekstratømming og gi pålegg til abonnenten om opprydding og ettersortering av avfall.

Ved gjentekne tilfelle av overfylt oppsamlingsseining eller anna uriktig bruk av slike eininger kan kommunen gi abonnenten pålegg om endring av abonnement eller auka behaldarvolum i samsvar med faktisk bruk.

Ekstrakostnader i samband med tiltak etter første og andre ledd må betalast av abonnenten.

Dersom abonnenten ikkje har meldt frå om gebyrpliktige eininger eller andre endringar som får verknader for gebyret, kan kommunen påleggje etterbetaling frå datoен då eininga blei gebyrpliktig eller endringa fann stad.

Dersom dette tidspunktet etter førre ledd ikkje kan dokumenterast, kan abonnenten bli pålagd gebyr med tilbakeverkande kraft etter reglane i foreldingslova.

Brot på forskrifta kan straffast med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

§ 4-4 Tilhøvet til helseforskrifter

All handtering av hushaldsavfall etter denne forskrifta skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsemyndigheters reglar, retningslinjer og vilkår som gjeld hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

§ 4-5 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.

Frå same tid blir gjeldande renovasjonsforskrifter i Fjell kommune, Sund kommune og tidlegare Øygarden kommune oppheva.